

TUSET vestre (Nordigar'n)

G. nr. 112.

Me hugsar at Tuset vart delt i to bruk att i 1740-åra etter å ha vori drivi under eitt i nær 50 år. Dei to bruka vart kalla Nordigam og Ustigarn i dagleg tale. Gardane ligg tett saman med Nordigarn vest for den andre. Dei nye brukarane heitte *Ole* båe, *Ole Joensen* på Nordigarda og *Ole Pedersen* på Ustigarda. Det er truleg det stod hus på båe tuna frå den førre garddelinga, men det ser ut som det har vori vestre tunet som vart brukt av *Gunder Joensen* og føremannen hans, for enkja etter *Gunder* budde på vestre garden etter delinga og var i hushald med den nye brukaren.

Dei nye brukarane er ført i matrikkelen for 1746, men har nok teki over drifta før, truleg i 1742. I manntalet frå 1762 er gardane ført kvar for seg.

Kona til *Ole Joensen* heitte *Marit Sivertsdotter*. Dei hadde 4 born: *Joen*, *Siver*, *Gunder* og *Marit*. Alle var vaksne.

Ein inderst, *Joen Hansen* budde hos dei, og 2 gammalfolk: *Kari Eriksd.*, enkja etter *Gunder Joensen*, gammel og fattig», står det. Den andre heitte *Kari Pedersd.*, gammal og fattig, ho og. *Kari Eriksd.* d. i 1764, 80 år gl. *Kari Pedersd.* d. i 1766, 67 år gl.

Ein av sønene, *Siver* eller *Sjur*, som namnet og er skrivi, vart g. i 1765 m. *Ølegård Pedersd.* Ho tente på Hegset i 1762.

Sjur
og

Ølegård

budde på plassen Hågå under Uthus vestre og er omtale der. Eldste son var truleg same person som ein

Joen Olsen

d. ug. i 1785, 49 år.

Gunder

og

Marit

veit ein ikkje meir om.

Det stod ei gruvstugu på Tuset vestre i *Ole* si tid. Ho stod truleg oppå liene. I 1745 budde ein *Peder Pedersen*

der. Han døydde dette året og ein

Ole Siursen

flytta inn med kona,

Marit Haldosd.

Dei hadde 3 born:

Kari,

1746.

Siur,

d. 1749.

Beret, 1750.

Ole Siursen d. i 1757, 48 år gl. Året etter vart *Marit* gift att m. ein *Joen Petersen* og hadde 3 born m. han og:

Gulla,

1759.

Haldor,

1761 og

Ole,

d. 1765.

Alle desse var gruvarbeidarar, og dei har ått stugu sjølv, er det likt til, og alt i *Ole Sjursen* si tid er det hefta gjeld på stugu, til

Baro Pe-dersen Hegset

som vart slik ein mektig mann i gruv-tida. Da

Joen Petersen

i 1766 reiste i frå Flora, var gjelda komi opp i 12 rdlr. og vart oppgjort ved at fordringshavaren tok over «hans stugu, seng og bord», rett nok verdsett berre til 11 Rd 2 ort 12 sk.

170